

**Sakshandsamar:**

Audun Erik Sunde

E-post: audun.erik.sunde@sfj.no

Tlf: 57 74 93 11

Vår ref.

Sak nr.: 08/4859-3

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

2154/09

Dykkar ref.

08/03391-1

Dato

LEIKANGER, 28.01.2009

Det Kongelige Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep.

0033 OSLO

Fråsegn i høve høyring av TFO-ordninga

Vi viser til tidlegare søknad om utsett frist i påvente av politisk handsaming og til positivt svar frå Jon Saglie hjå dykk.

Fylkesutvalet Sogn og Fjordane fylkeskommune har i dag i FU-sak 5/09 vedteke å gje slik fråsegn i høve høyring av TFO-ordninga:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner generelt at TFO-ordninga fungerer godt.
2. Vurderingar med omsyn til fiskeri og miljø må ha like høg prioritet ved utviding av TFO-område som ved ordinære utlysingar.
3. For Sogn og Fjordane er det viktig at basen i Florø får delta i leiteoppdrag utanfor kysten. Å leggje til rette for bruk av næraste forsyningsbase verkar å vere godt i tråd både med politiske ambisjonar om lokale ringverknader og i forhold til mål om å redusere utslepp og risikoeksponering. Vi ber difor om at tildelingar vert følgde av føringar som sikrar at frittstående basar får delta i reell konkurranse om forsyning til leiteboring.

Saksutgreiing og vedtak er å finne på våre heimesider www.sfj.no under menyval politiske saker – fylkesutvalet – møtedato 28.01.09.

Med helsing

Velaug Veum
fylkesdirektør

Audun Erik Sunde
rådgjevar

